

## Brekke-jente på tur til Antarktis

**GULEN:** Journaliststudent Synne Asheim Haga frå Brekke skal filma i Antarktis.

Ho er til vanleg student innan tv-journalistikk i Oslo, men fredag 11. mars vert det eit avbrekk frå studiane med tur til Antarktis, via Argentina, skriv NRK.

Turen er i regi av organisasjonen «2041 Foundation». Stiftinga arbeider for å spreia informasjon om berekraftig utvikling, klimaendringar og miljøspørsmål. Kvart år arrangerer dei tur til Antarktis for 120 personar, og får mange tusen søknader om å delta.

Ein av heldige denne gongen er altså Synne Asheim Haga, som under det to veker lange opphaldet mellom anna skal gjera filmopptak av dyrelivet.

## 5,5 prosent lønsbonus til alle Statoil-tilsette

Utifrå kor godt selskapet gjer det i samanlikninga med konkurrentane, får alle tilsette bonus på 5,5 prosent av grunnløna.

Meldinga om bonus for 2015 kom ut på Statoil sitt interne nett fredag denne veka, skriv NRK.

Bonusen kjem etter eit år der oljenæringa har sett prisane stupa, og tilsette både i Statoil og i leverandørinndustrien har måtta gå frå jobbane sine. Statoil kuttar framleis i organisasjonen, og i løpet av 2016 skal konsernet redusera arbeidsstokken med 1.100–1.500 personar.

Gjennomsnittsløna i Statoil var i 2015 på rundt ein million kroner. Men bonusen vert rekna ut frå grunnløna, som er ein del lågare enn dette.

## Farleg trafikk-situasjon ved Knarvik barneskule

**KNARVIK:** Foreldreutvalet (FAU) ved Knarvik Barneskule har sendt brev til kommunen der utvalet tek opp trafikksituasjonen ved innkjøringa til skulen. Det vert mellom anna peika på at det ikkje er eit naturleg kryssingspunkt for foreldre som parkerer i parkeringshuset og sender/føl barna til skulen, og elles kan det vera ganske kaotisk i rundkjøringa ved skulen. Denne er meint å fungera som ein plass der foreldre stoppar og set av barna, ikkje som ein parkeringsplass der bilen står att medan den vaksne er med inn. Sistnemnde tilfelle gjer det kaotisk og potensielt farleg for andre trafikantar. –Trafikkloysingane fungerer ikkje optimalt, og FAU ønskjer at det vert gjort forbetringar slik at gåande i større grad vert samla, og bilistane får betre oversikt, heiter det i brevet frå FAU.

# Klimafokus på byggsamling

På årets byggesaks-konferanse hadde folk innan bygg ekstra fokus på at endringar i klimaet stiller nye krav.

Av Hans Egil Storheim  
hans.egil@strilen.no

Professor Asgeir Sorteberg frå Universitetet i Bergen vart blant innleiarane på konferansen i Knarren i Knarvik denne veka.

Han drog salen gjennom dei store klimaendringane han såg i åra som kjem, og som planlegjarane må ta omsyn til også i Nordhordland.

Nokre få grader opp vil bety mange regndropar ned, ofte og i store mengder. Også Nordhordland vil oppleve at havnivået stig, går det fram av ei pressemelding frå konferansen.

Laila Bjørge frå Meland kommune informerte om eit prosjekt der overskotsmassar frå utbyggingssområde vert endra frå problem til ressurs.

Med ein god plan kan verdifull matjord koma til nytte med minst mogleg transport og til varig plassering. Totale kostnader og belastning på miljø vert redusert, og resultatet vert fleire gode beite og slåttemark for den lokale landbruksnæringa.

Frank Rune Dale frå Langeland gard i Meland viste korleis det krevjande terrenget på heimegarden er omforma til spennande bustadar og godt bumiljø som står imot vind og regn. I tillegg fekk han dyrka opp om lag ni dekar med landbruksareal av utbyggingmassar i området.

Dale meinte det var viktig å bruka naturlandskapet til bu-



**STILTE OPP:** Professor Asgeir Sorteberg orienterte om klimaendringar og byggkrav. Han vart takka for foredraget av regionrådsleiar Karstein Totland.

Foto: Harald J. Stanghelle



**JORDRESSURSAR:** Overskotsmassar av jord kan verta ein ressurs, var temaet Laila Bjørge i Meland kommune tok opp. Foto: Harald J. Stanghelle

stadbygging, og dermed spara kulturlandskap og areal som produserer mat.

Asbjørn Nagell Toft frå Austrheim kommune informerte om områdeplanen for Nordre Fonesvågen, som vart godkjent hausten 2015. Her var tema frå områdeplan til byggjesak.

Han fekk og fram korleis bygdefolket involverte seg i planarbeidet og i dugnader for å få på plass det vakre friluftsområdet i Årvikane. «Alt planarbeid

handlar om folk», understreka Toft.

Godt kartverktøy trengst for både forvaltninga og byggjenæringa. Ein demonstrasjon av Nordhordlandskart og planar for 2016 vart gjort av Harald Stanghelle frå Radøy kommune.

Det vil verta halde kurs om dette ved eit seinare høve. Byggesaks-konferansen vart leia av leiaren for regionrådet, Karstein Totland.

SUDOKU

• Middels									• Vanskeleg								
					5	3	7		7	1				6			2
	5				1	7	8			2				4		3	1
			6		4			2						7			
	2					7			4	5	3						
1								4									
		6						1							5	9	7
4			9		6							3					
		3	7	5				6	2	7		5				6	
	9	2	1						9			1				5	4

Fyll ut dei tomme rutene med tal frå 1 til 9, både vassrett, loddrett og i kvadrata.

### Svar på førre SuDoku

Middels

7	1	4	9	8	2	3	6	5
2	3	9	4	6	5	7	8	1
6	5	8	3	1	7	2	4	9
9	7	1	6	5	4	8	2	3
3	2	6	8	7	1	5	9	4
4	8	5	2	9	3	6	1	7
5	4	2	1	3	8	9	7	6
8	9	3	7	4	6	1	5	2
1	6	7	5	2	9	4	3	8

Vanskeleg

4	9	5	2	8	7	6	1	3
2	6	3	5	9	1	4	7	8
1	8	7	6	4	3	5	9	2
5	3	1	7	2	6	9	8	4
6	7	8	4	5	9	3	2	1
9	2	4	3	1	8	7	5	6
8	5	6	9	3	2	1	4	7
3	1	9	8	7	4	2	6	5
7	4	2	1	6	5	8	3	9

Levert av Media Berge